Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

# Vekeplan for 4. steg
# veke 36

| | | MÅNDAG 1/9 | TYSDAG 2/9 | ONSDAG 3/9 | TORSDAG 4/9 | FREDAG 5/9 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 08.50-09.35 | **Tema**<br>Hausting<br> | **Kroppsøving**<br>Ute på skulen | **Symjing**<br>i Sogndal<br><br>Avreise 09.05<br>Retur 12.45<br> | **Kunst og handverk** | **Uteskule**<br>Ryddedugnad<br>«Rein Sognefjord»<br> |
| 2 | 09.35-10.20 | | | | | |
| 3 | 10.35-11.30 | **Skulen les** | **Norsk** | | **Fellessamling** | |
| 4 | 12.00-12.45 | **Musikk** | **Stasjonar**<br>Matte/norsk<br> | | **Stasjonar**<br>Matte/engelsk<br> | |
| 5 | 12.45-13.30 | **Norsk**<br>+ leselærar | | **NB!**<br>**Foreldremøte**<br>**kl. 17.00** | | |
| 6 | 13.45-14.30 | | **Eples venner**<br> | | Naturfag | |

| **LEKSER:** | **TIL TYSDAG:** | **TIL ONSDAG:** | **TIL TORSDAG:**. | **TIL FREDAG:** |
|---|---|---|---|---|
|  | Pakk klede til utegym.<br>Du må også ha med deg handklede, såpe og byteklede for **dusjing**. | | Gjer skriveoppdrag i norsk som er limt inn i arbeidsboka. Hugs å sjekklista nedst på sida! 😉 | Pakke tursekk.<br>Du treng sitjeunderlag, frukt, niste, drikke og byteklede.<br>**Kle deg etter været!** |
| **Leselekse:**<br>**Lesetekstane finn du i lesemappa di!**<br><br>Set kryss over ruta når du har lest 15 min (har du lest godt på leseleksa, kan du fylla tida med anna sjølvvald tekst). | Les teksten<br>«På jakt etter blåbær» | Les teksten<br>«På jakt etter blåbær» | Les teksten<br>«Lesekurs J-lyden» | Les teksten<br>«Lesekurs J-lyden» |
| | Eg har lese i 15 min<br> | Eg har lese i 15 min<br> | Eg har lese i 15 min<br> | Eg har lese i 15 min<br> |

| **Norsk øveord:** | | **Matematikk øveord:** | **Engelsk øveord:** | |
|---|---|---|---|---|
| Samansette ord:<br>Blåbærtur<br>Gummistøvlar<br>Tømmerstokk | Trestamme<br>Småkvist<br>Fuglesong<br>Fisketur | Divisjon<br>Multiplikasjon | Months = månadar<br>Numbers = nummer<br>January, February<br>March, April | May, June<br>July, August<br>September, October,<br>November, December |

Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Forstå synonym og antonym. Bøying av substantiv i eintal og fleirtal. |
| Matematikk | Divisjon |
| Engelsk | Forstå bruk av dato og klokkeslett. |
| Kroppsøving | Leik og samspel, orientering, symjing |
| KRLE | Buddhisme |
| Tema | I veke 36 – 42 arbeider me med temaet «Epler og pærer vokser på trærne…» i norsk, samfunnsfag, mat og helse, naturfag og kunst og handverk. |



# Meldingar til heimen

**Periodeplan**
Vi er no ferdig med sosialvekene, og vi har fått leika oss inn i det nye skuleåret. Periodeplan 1 kan de finna på heimesida under 4.steg. Nye planar vert lagt ut der fyrste måndag i ny periode. Dette er ei grovskisse, så det kan hende det vert litt justering på vekeplanane. Føl med og pass på at borna får med seg kjekke dagar. 😊

**Symjing i Sogndal**
Denne veka startar vi med symjing i Sogndal. Elevane vert delt inn i to grupper, som kvar får ca. 45 minutt i bassenget. Den resterande tiden et dei lunsj og har ei lita fagøkt. Det er viktig at elevane har med seg godt med mat og drikke, og at mat og symjeklede er pakka i **ein** sekk. Det er ikkje naudsynt å ha med seg bøker eller datamaskiner på onsdagane. NB! Hugs å ha såpe ned i eigen pose. Det har vore ein god del drama og tårer på grunn av såpesøl i sekken. 😉

**Merking av klede**
Det er viktig at elevane sine klede er godt merka. SFO ynskjer at dei også har merka hettene sine, sidan mange tek av desse når dei klatrar i klatreparken. Byteklede, innesko, støvlar og regnklede må alltid vera på skulen.

**Lekser**
Det vert stort sett to leselekser og ei skrivelekse frå og med denne veka. Det er viktig at elevane les høgt til ein vaksen, slik at det ikkje ven seg til å kutta ut endingar eller å gjette på ord som er vanskelege. Vi ynskjer at de korrigerer lesefeil. Hugs å melda elevane på leksehjelp dersom dei har behov for dette. Leksehjelp er måndagar og fredagar kl. 13.30-14.30. Det er leksehjelp frå og med veke 36.

**Foreldremøte**
Det vert foreldremøte onsdag 3.september kl. 17.00. Ein god del av dette møtet vert det lagt opp til diskusjonar i foreldregruppa. Fint om de har høve til å koma. 😊 Meld inn saker til foreldrekontaktane dersom det er noko spesielt de vil ta opp.

**Ynskjer dykk ei fin veke! ☺**
**Stine og Siv Jane**


Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18